

# VTB på Snapchat

Korleis har det fyrste året gått?

# 1540 følgjarar 15. mars

Målet me sette oss i fjer var 1500 innan 1. mars 2017.  
Til samanlikning har NRKp3-nyheiter rundt 6000 følgjarar.



# Dagleg kontakt med følgjarane våre

Kvar dag tikkar det inn ein haug med snappar frå dei som følgjer oss. Dette kan vera bilete av kvardagslege gjeremål, flotte turbilete eller gode tips til redaksjonen. Me har opprettat ei fin og lågterskel form for kontakt med leesarane våre.

# Kva med inntekter?

Me har prøvd oss på nokre annonsar. To etter skjermdump-konseptet (der den som har teke skjermdumpen må vise han fram i kassa for å få rabatt) og éi ordinær annonse for ein lokal loppemarknad. Dei to fyrste blei selt som ein del av ei større annonsepakke.

ANNONSE:  
TA EIN SKJERMDUMP AV NESTE BILDE.  
REIS TIL SELJORD RADIO OG TV PÅ TELEENTERET OG FÅ TILBODET SOM KJEM NO!

ANNONSE:  
**OPPLADBAR DAB RADIO SPAR 50%**  
**499**  
DAB+ OPPLAD BAR  
**SENZ**  
RADIO  
SROAM16B • DAB+/FM-radio med krystallklar lyd • Stabiliserende gummiutførelse • Stor, informativ skjerm • Oppladbar • Før 999,-  
**expert**  
Kanvegen 1a, 3840 Seljord

Selte 20 radioar

ANNONSE:  
TA EIN SKJERMDUMP AV NESTE BILDE OG VIS DET I **SPORTEN I SELJORD**  
TILBODET GJELD FRÅ ONSDAG 19. OKT. TIL LAURDAG 22. OKT.

ANNONSE:  
**KARI TRAA-BAG**  
**299,-**  
Veil. kr 599,-  
**BJÖRN BORG BOXER**  
**129,-**  
Veil. kr 229,-  
**SPORTEN**  
Seljord

Selte åtte bagar



# Nytt og litt vanskeleg

Annonsar på Snapchat var rimeleg nytt då me prøva oss fram. Me håpar at det kan vera meir utbytte i det for begge partar etter kvart som Snapchat blir meir etablert som annonseringskanal.

Me fekk ein god del skjermdumpar, men tilbakemeldingane frå butikkane som hadde annonsert var at det ikkje var fullt så mange sal som dei hadde håpa på. Likevel var dei positive til å prøve att.

**Dette er fyrst og fremst eit langsiktig  
delprosjekt for å plante eit VTB-frø hjå<sup>1</sup>  
eventuelle framtidige lesarar.**

I ei uhøgtidleg spørjeundersøking me gjorde via Snapchat svarte fleire at dei hadde blitt abonnentar i løpet av det siste året. Fleire svarte også at dei hadde gått inn på [VTB.no](http://VTB.no) og kjøpt dagspass for å lese saker. Dette er smått i den store samanheng, men det er i alle fall eit steg i rett retning.

# Me anbefalar alle å prøve ...

... så lenge nokon i redaksjonen er motiverte og klare for å ta på seg ansvaret. Me har lært at dette ikkje er for alle, noko det heller ikkje treng å vera. Men nokon må brenne litt ekstra for å oppdatere Snapchat-kontoen.